



Tord Moltumyr

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/898 - 17/7827

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

23.04.2017

Oppretting av ny legeheimel for fastlege

Det vert vist til notat dat. 07.04.17..

Bakgrunn for oppretting av ny legeheimel for fastlege i kommunen er i hovudsak knytta til folkevekst, kapasitet, nye oppgåver for fastlegane og utvida aktivitet i det interkommunale legevaktsamarbeidet. Det vert vidare peikt på at det per i dag ikkje er ledige plassar på dei pasientlistene som eksisterer. Det er også vanskeleg for pasientane å byte fastlege internt i kommunen, og Helfo har etablert venteliste på dei enkelte legane.

Ved Frekhaug legesenter er det av plassmessige årsaker ikkje mogleg å etablere fleire legeheimlar, men Helsenaustet legepraksis kan tilby lokalitetar for ny fastlege 3-4 dagar i veka. Den nye fastlegeheimelen vil såleis bli ein privat heimel, der tilhøvet mellom ny lege og Helsenaustet legepraksis vert regulert etter dei retningslinjer som gjeld for dette.

Samarbeidsutvalet for fastlegeordningar har hatt saka oppe til drøfting og gir sin tilslutning til framlegget om å opprette ny fastlegeheimel. Opprettinga skal vere kostnadsnøytral for kommunen.

Rådmannen er samd med helsesjefen i at det med bakgrunn i ovannemnde moment er fornuftig å opprette ein ny legeheimel for fastlege i kommunen og at heimelen vert knytta til Helsenaustet legepraksis.

Administrativt vedtak:

- Det vert oppretta ny legeheimel for fastlege i Meland kommune knytta til Helsenaustet legepraksis.
- Kunngjering og tildeling av fastlegeheimel en følger ASA 4310 – Rammeavtale mellom KS og den norske legeförening om allmennpraksis i fastlegeordninga i kommunane, kap. 5.
- Kunngjering skjer per 09.05.17.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kari Anne Iversen
Konstituert rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erling Rud
Grethe Wold

Mottakere:
Tord Moltumyr